



Arkivsak

24/20325-1

Saksbehandlar

Lotte Thommesen

Saksgang

Hovudutval for næring, industri og

klima

Fylkesutval

Fylkestinget

Møtedato

20.11.2024

26.11.2024

10.12.2024

Fråsegn til revisjonsdokument for Røldal-Suldal reguleringa og søknad om konsesjon til fem nye kraftverk i dei same vassdraga

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Telemark fylkeskommune forventar at NVE sørgjer for dialog med fagforvaltnings- og styresorgan med ansvar for villrein i den vidare prosessen. Dette for å sikre at tiltaket kan gjennomførast i tråd med retningslinjene i Heiplanen og oppfyller kriteriet for ikkje å medføre vesentlege negative verknader for villreinen.
2. Telemark fylkeskommune ber om at det blir stilt krav til å setje av midlar til villreinfond.
3. Telemark fylkeskommune forventar at NVE vurderer om miljøkonsekvensane ved auka regulering og bygging av pumpekraftverk er foreinleg med målet om godt økologisk potensiale i Holmavatn, og om dei planlagde tiltaka er i samsvar med krava til ny aktivitet i vassforskrifta.
4. Fråsegna blir godkjent og blir sendt til NVE.

Bakgrunn og saksgang

NVE vedtok i 2022 at konsesjonsvilkåra for Røldal-Suldal kraftverka (RSK) skulle reviderast. På bakgrunn av kravet om vilkårsrevisjon frå Ullensvang og Suldal kommunar og føringar frå NVE, har RSK DA utarbeidd eit revisjonsdokument som omtalar reguleringane. Lyse Kraft har på vegner av RSK DA sendt ein konsesjonssøknad for opprusting og utviding av anlegga samstundes med innsending av revisjonsdokumentet.

NVE har sendt revisjonsdokument for Røldal-Suldal reguleringa, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga, på høyring. Både vilkårsrevisjonen og søknaden om konsesjon skal handsamast etter vassdragsreguleringslova. Etter høyringsperioden gir NVE si innstilling til Energidepartementet. Vedtak blir fatta ved

kongeleg resolusjon. Alle dokumenta i saka er tilgjengelege på NVE si side knytt til [høyringane](#).

Hovudutval for næring, innovasjon og klima uttaler seg til fylkesutvalet. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som fattar endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Røldal-Suldal reguleringa består av 17 reguleringsmagasin, 21 bekkeinntak og 9 kraftverk. Tiltaksområdet ligg i hovudsak i Suldal kommune i Rogaland og Ullensvang kommune i Vestland, men delar av reguleringsmagasinet Holmavatn ligg også i Vinje kommune i Telemark og Bykle kommune i Agder. Kart over eksisterande kraftverk ligg i vedlegg 1. Dei største kraftverka er Novle, Røldal, Suldal, Kvanndal og Suldal 2.

Dette saksframlegget omtaler både vilkårsrevisjonen og konsesjonssøknaden, med fokus på dei tiltaka som er i, eller har konsekvensar for, interesser i Telemark. Dette avgrensar seg i stor grad til tiltak i tilknytning til Holmavatn og tiltak innanfor den geografiske avgrensinga til Heiplanen.

Vilkårsrevisjon

NVE sitt vedtak om å opne revisjon av Røldal-Suldal reguleringa bygde på kravet frå Suldal og Ullensvang kommunar. Hovudføremålet med ein revisjon av konsesjonsvilkår er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag, samstundes som eventuelle endringar vert vurdert opp mot føremålet med konsesjonen som er kraftproduksjon. Ein vilkårsrevisjon skal også gi høve til å oppheva vilkår som har vist seg urimelege, unødvendige eller lite tenlege. Sjølve konsesjonen, med høgaste regulerte vasstand og lågaste regulerte vasstand er ikkje gjenstand for revisjon.

I revisjonsdokumentet på høyring blir dei kjende ulempene av dagens regulering vurderte og krava frå kommunane blir presenterte og vurderte. Krava frå kommunane var knytt til magasinrestriksjonar, vasslepp, erosjonsførebygging, biotopforbetring, oppnå miljømål etter vassforskrifta, innlandsfisk, villrein, kulturminne, landskap, anleggsvegar og meir.

Konsesjonssøknad

I tillegg til revisjonsdokumentet har RSK DA sendt inn ein søknad om konsesjon til å byggje og drive Røldal 2 pumpekraftverk, Novle 2 pumpekraftverk, Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2b kraftverk og Nordmork kraftverk. Kraftverka vil utnytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje ein meir fleksibel produksjon av kraft. Ingen av kraftverka vil liggje i Telemark, men Kvandal 2 vil bruke Holmavatn som reguleringsmagasin. Det blir søkt om å auke reguleringa av Holmavatn frå 10 til 15 meter, ved å senke lågaste regulerte vasstand med 5 meter. Konsesjonssøknaden tek utgangspunkt i at eksisterande kraftverk i hovudsak skal drivast vidare i tråd med gjeldande konsesjonar.

Totalt vil den søkte utbyggingsløyisinga gi ein auka effekt på 665 MW, som er meir enn ei fordobling av noverande kapasitet. 500 MW er frå pumpekapasitet. Samla sett vil den søkte løyisinga i tillegg gi brutto omlag 800 GWh auka årleg kraftproduksjon, men netto kraftproduksjon er derimot forventa å minke med omlag 200 GWh fordi drifta av pumpekraftverka vil krevje store kraftmengder. Opprustinga og utvidinga har som mål å

auke samfunnsnytta ved fleksibelt å kunne utnytte dei forventa overskota av ikkje-regulerbar kraft i det norske kraftsystemet.

Konsesjonssøknaden seier at pumpekraftverka og den auka reguleringa av Holmavatnet vil redusere dagens flaumtap, medan ein vesentleg auke av slukeevna aukar moglegheita til å førehandstappe magasin ved meldingar om ekstreme nedbørsmengder og dermed redusere omfanget av flaumskadar. Kvanndal 2 pumpekraftverk vil fjerne dagens tapping frå Holmavatnet til Sandvatnet og dermed fjerne eit vandringshinder vinterstid for villrein i eit nasjonalt villreinområde. Utbygginga vil utløyse oppgraderingar og forsterkningar i transmisjonsnettet. Søknaden byggjer på at kvart delprosjekt i kvart vassdrag inneber sjølvstendige avgjerder om utbygging. Kostnadene ved den totale utbygginga er samla estimerte til 7,6 milliardar kroner

Konsekvensutgreiing og fagrapportar

Som grunnlag for vilkårsrevisjonen og den planlagde opprustinga og utvidinga har det vorte utarbeidd ei konsekvensutgreiing og ei rekkje fagrapportar. Det er gjennomført konsekvensutgreiing av tema landskap, naturmiljø, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, fisk og ferskvassøkologi, vassmiljø, naturressursar og villrein. Fagrapportane dekkjer tema hydrologi, skredfare, naturmiljø, fisk og vassmiljø, landskap, kulturminne og kulturmiljø, villrein, naturressursar, forureining og samfunnsmessige verknader.

Konsekvensutgreiinga av dei nye prosjekta viser at tiltaka vil få frå noko negativ til middels negativ konsekvens for alle tema, utanom for tema fisk og ferskvassøkologi, som ein vurderer vil få positiv utvikling etter utbygginga i austre vassdrag. Utbygginga av Kvandal 2 til Holmavatn, tilhøyrer austre del av vassdraget. Sjølv om ein vurderer at utbygginga samla vil ha positive konsekvensar for fisk og ferskvassøkologi er tiltaka i Holmavatn vurderte til å ha stor negativ konsekvens.

Av fagrapport villrein går det fram at prosjektet samla vil ha nokre positive og nokre negative fylgjer for villreinen. Samla for alle vurderingskriteria blir konsekvensen vurdert å gi *noko negativ konsekvens*. Det å slutte med vintertapping i Holmevassåna vil forbetre vandringshinderet her, og er derfor vurdert til å ha noko positiv konsekvens. Vidare kjem det fram at pumpekraftverka truleg vil føre til meir oppsprokken is, som igjen vil redusere villreinen si moglegheit til å trekkje over isen vinterstid.

I perioden mai til august har det komme fleire innspel frå ulike styresmakter og forvaltningsorgan med ansvar for villrein, med krav om meir informasjon og nye vurderingar. Det blir peika på manglande kunnskap og vurdering av korleis villreinen på Hardangervidda blir påverka. Sjå vedlegg 2 for ei oversikt og oppsummering av krava om tilleggsutgreiingar, tilleggsinformasjon og alternativsvurderingar.

Telemark fylkeskommune si rolle og ansvar

Telemark fylkeskommune har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og planfagleg rettleiar. Fråsegna frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Tiltaka revisjonsdokumentet og søknaden omhandlar er lokalisert innanfor den geografiske avgrensinga til Regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (heretter Heiplanen). Dei rører omsynssone nasjonalt villreinområde og omsynssone trekkområde og eit verneområde som er verna etter naturmangfaldlova. Avgrensinga til verneområdet er for høvet lagd i Heiplankartet vist i vedlegg 1 figur 2. Søknaden skal derfor vurderast mot dei felles retningslinjene for alle omsynssoner i planen (kapittel 2.10), generelle og spesielle retningslinjer for nasjonalt villreinområde (kapittel 2.10.1), retningslinjer for trekkområde (kapittel 2.10.3) og retningslinjene for bygdeutviklingssona (kapittel 2.10.4).

Dei felles retningslinjene for alle omsynssoner slår fast at Heiplanen skal leggjast til grunn for mellom anna Staten si behandling av saker innan areal- og ressursforvaltninga, at omsynet til interessene til villreinen blir prioritert og at interessekonfliktar knytt til villrein skal avklarast gjennom konsekvensutgreingar i samsvar med plan- og bygningslova. Dei generelle retningslinjene for nasjonalt villreinområde slår fast at det skal leggjast spesiell vekt på å unngå forstyrringar i vinter-, kalvings- og trekkområde, og det skal ikkje tillast byggjeverksemd som ringast bruksmoglegheitene til villreinen i desse områda. Dei spesielle retningslinjene for nasjonalt villreinområde knytt til kraft seier at nye kraftanlegg eller kraftlinjer, og utvidingar av eksisterande, bør unngåast, men at unntak kan gjerast for tiltak som ikkje inneber vesentleg negative fylgjer for villreinen. Ein føreset at slike vurderingar blir avklart gjennom konsekvensutgreingar (jamfør over om felles retningslinjer kapittel 2.10).

Retningslinjene for omsynssone trekkområde viser viktige trekkområde som skal ivaretakast, og seier at det ikkje skal godkjennast byggjetiltak som kan stengje for, eller forverre, dagens situasjon. Vidare skal det såframt mogleg ikkje tillast aktivitetar som fører til unødvendige forstyrringar når reinen trekkjer. Desse retningslinjene forsterkar retningslinjene for nasjonalt villreinområde. I omsynssone bygdeutviklingssona blir omsynet til villreinen rekna for å vere avklart. Nye større utbyggingstiltak skal primært kanalisert til denne sona, og planar og tiltak som fremjar ei berekraftig bygdeutvikling blir prioriterte.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Vilkårsrevisjonen og konsesjonssøknaden inneheld både forslag til endringar i eksisterande konsesjon, og forslag om etablering av fleire pumpekraftverk. Desse endringane vil truleg endre kraftgrunnlaget, som er grunnlaget for utrekning av konsesjonskraftmengda til kommunar og fylkeskommunar. Per i dag mottok Konsesjonskraftstyret i Telemark KO om lag 7 Gwh i konsesjonskraft frå Røldal-Suldal kraftverk. Totalt forvaltar Konsesjonskraftstyret i Telemark om lag 560 Gwh. Det er vanskeleg å seie om, og i tilfelle korleis, endringane og utbyggingane som er foreslått vil påverke konsesjonskraftmengda frå Røldal-Suldal kraftverk. Det er NVE som skal fastsetje nytt kraftgrunnlag, og dermed konsesjonskraftvolum. I alle høve er det tale om ei avgrensa mengde kraft til Telemark per i dag, og fylkesdirektøren reknar ikkje med at eventuelle endringar vil ha monalege fylgjer for konsesjonskraftmengda.

Heiplanen har retningslinjer som legg føringar for tiltaka i konsesjonssøknaden.

Konsekvensar for klimamålet i fylket og FNs berekraftsmål.

RSK DA har ikkje kommentert korleis revisjonsdokumentet og konsesjonssøknaden møter FN sine berekraftsmål. Generelt vil gjennomføring av vilkårsrevisjon bidra til mål nummer 15 *Livet på land* og mål 6 *Rent vann og gode sanitærforhold*. Ei opprusting og utviding av anlegga kan bidra til berekraftsmål 7 *Rein energi til alle*, men har samstundes ein negativ konsekvens for mål 15 *Livet på land*.

Vurderinga frå fylkesdirektøren

I det fylgjande blir det gitt merknader med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Heiplanen

Heiplanen uttrykkjer retning og ramme for arealutvikling og arealbruk i fjellområda i Vestland, Rogaland, Agder og Telemark. Denne politikken kom til gjennom ein omfattande prosess i regi av fylkeskommunane som regionale planstyresmakter. Prosessen involverte lokale, regionale og statlege fag-, forvaltnings- og styresorgan, frivillige organisasjonar og interesseorganisasjonar og private interessentar knytt til villrein, friluftsliv, kulturminne, reiseliv, næringsutvikling og landbruk. Trass i dette har tilstanden for villreinen vorte forverra.

Konsekvensane av tiltaka må sjåast i samanheng, og konsekvensane må vurderast ut i frå den samla verknaden av tiltaka i søknaden.

Føringane i Heiplanen seier at den skal leggjast til grunn for mellom anna staten si handsaming av saker innan areal- og ressursforvaltninga, at omsynet til interessene til villreinen skal prioriterast og at interessekonfliktar knytt til villrein skal avklarast gjennom konsekvensutgreiingar i samsvar med plan- og bygningslova. Dette synest berre delvis oppfylt. At føringane i Heiplanen ikkje er eksplisitt nemnde i revisjonsdokumentet og søknaden, er mindre vesentleg enn at det i høyringsperioden har komme fleire innspel til NVE frå fag-forvaltnings- og styresorgan knytt til villrein, som peikar på at konsekvensutgreiinga ikkje i tilstrekkeleg grad er belyst og at verknadsvurderingane for villreinen kan vere feil (vedlegg 2). Retningslinjene til planen om at det skal leggjast spesiell vekt på å unngå forstyrningar i vinter-, kalvings- og trekkområda, og at det ikkje skal tillatast byggjeverksemd som negativt verker på bruksmoglegheitene til villreinen i desse områda, understrekar at dette er eit viktig signal som må takast på største alvor. Fylkesdirektøren meiner det er heilt nødvendig at det blir oppretta dialog med desse, og at krava til meir informasjon, alternativsvurderingar og nye verknadsvurderingar blir kome i møte slik at grunnlaget for å behandle søknaden er rett.

Dei spesielle retningslinjene for kraft har som hovudregel at nye kraftanlegg og kraftlinjer, og utvidingar av eksisterande, bør unngåast, men at unntak kan gjerast for tiltak som ikkje inneber vesentleg negativ betydning for villreinen. Dette betyr at vi må vere heilt sikre på verknadene for villrein og at kriteriet om at det ikkje har vesentleg negativ betydning for villrein må vere oppfylt.

Sidan søknaden omhandlar tiltak i trekkområdet mellom Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane (SVR) og Hardangervidda er det grunn til å vere særleg varsam og påpasseleg med å oppfylle utgreiingsplikta knytt til konsekvensane for villrein. Søknaden omfattar tiltak i eit viktig

trekkområde og det skal i samsvar med Heiplanen ikkje godkjennast byggjetiltak som kan stengje for eller forverre dagens situasjon. Vidare skal det ikkje (såframt mogleg) tillatast aktivitet som kan føre til unødvendige forstyrningar når reinen trekkjer. Innspela frå fag- og forvaltningsorgana kan tyde på at delar av tiltaket kan vere i direkte strid med denne retningslinja.

Fylkesdirektøren meiner det er grunn til å vere bekymra for bruken og trekket til villreinen over Holmavatnet og Votna, og tilhøyrande influensområde, dersom det skulle bli bygd slik det blir søkt om. Effektkøyring med variasjon i vasstand gjennom døgnet er forventa å gi usikker is, noko som kan føre til vandringshinder for villreinen. Dei kvista skiløypene over vatn må truleg leggjast på land, kanskje med den konsekvensen at villrein og skiløparar må dele dei same ferdselskorridorane. Dette vil forsterke dei negative verknadene for villreinen.

Den samla belastninga i Setesdal-Ryfylke villreinområde har lenge vore aukande som følge av fysiske inngrep og aukande grad av forstyrningar. Sett i lys av dette vil (som hovudregel) alle nye inngrep vere negative, dersom ein skal oppnå forvaltningsmåla for villreinbestanden slik dei er sette gjennom arbeidet med klassifisering etter kvalitetsnorma for villrein og Stortingsmelding nummer 18 *Ein forbetra tilstand for villreinen*. Heiplanen framhevar betydninga av fjellområda som leveområde for villrein, og pålegg nye kraftprosjekt å vektleggje dette.

Fylkesdirektøren forventar at NVE i det vidare arbeidet legg til rette for dialog og samhandling med fag-, forvaltnings- og styresorgan med ansvar for villreinen. Ein bør arbeide for samlande løysingar og mildnande tiltak som sikrar at tiltaka ikkje blir gjennomførte i strid med Heiplanen. Det bør også vere opning for å vurdere storleiken på utbygginga; om prosjektet bør bli nedskalert.

Sidan søknaden omhandlar tiltak i trekkområdet, og truleg er den første av fleire tilsvarande søknader som vil komme frå andre vasskraftkonsesjonar, er det grunn til å vere særleg varsam og påpasseleg med å sikre at utgreiingsplikta er oppfylt, og at vilkåret for å gjere unntak frå hovudregelen i Heiplanen er oppfylt. Fylkesdirektøren legg til grunn at det blir stilt krav om å setje av midlar til villreinfond.

Vassforvaltning

Deler av kravet om vilkårsrevisjon frå kommunane var måloppnåing etter vassforskrifta, der alle kraftmagasin i konsesjonsområdet etter kommunane sitt syn bør ha godt økologisk potensial. Det har ikkje blitt utført kartlegging av vassmiljø, og vurderingane i konsekvensutgreiinga og fagrapportar er gjort på bakgrunn av data i databasar og på nett. Det er derfor noko uvisst kva som er den reelle tilstanden til vassførekomstane, og kva effekt dei føreslegne tiltaka vil ha på tilstanden. Revisjonsdokumentet vurderer ikkje Holmavatn i veldig stor grad, men vassførekomsten er i dag oppgitt å ha godt økologisk potensiale i Vassnett og oppnår dermed miljømålet om godt økologisk potensiale i tråd med regional vassforvaltningsplan og vassforskrifta.

Det har vorte gjort fleire fiskeundersøkingar i resipientane knytt til Røldal-Suldal kraftverka, inkludert i Holmavatn. Det har ikkje vorte sett økologisk tilstand for dette kvalitetselementet i samsvar med rettleiar 02:2018, og data kan dermed ikkje brukast i vurderinga av økologisk

tilstand i dei undersøkte magasinane. Dei fiskefaglege vurderingane seier at det er overtettleik av aure i Holmavatn. Derfor ønskjer RSK DA å slutte med å setje ut fisk, og argumenterer for at det er god nok rekruttering i tilløpsbekkane. Kvalifikasjonane til desse tilløpsbekkane etter auka regulering og på kopling av pumpekraftverk, verkar ikkje å vere greidd ut.

I konsekvensutgreiinga i konsesjonssøknaden kjem det fram at auka reguleringshøgde og nytt pumpekraftverk vil ha negative fylgjer for Holmavatn, fordi reguleringshøgda på 15 meter overstig tolegrensa til fleire botnlevande organismar. Pumping mellom vatna vil føre til hyppigare variasjonar i vassmengda, som gir dårlegare leveforhold for vassplantar og organismar som lever i strandsona. Fisken vil dermed miste noko av næringsgrunnlaget sitt, i tillegg til at enkelte gyteområde kan bli utilgjengelege. Konklusjonen i konsekvensutredninga er at Holmavatn blir strekt ringa, då minst to kvalitetselement vil få dårlegare tilstandsklasse. Konsekvensutgreiinga seier ikkje kva kvalitetselement som blir råka, eller om det blir vurdert å være i tråd med miljømålet om godt økologisk potensiale eller krava i vassforskrifta til ny aktivitet.

Telemark fylkeskommune forventar at NVE vurdere om dagens reguleringsgrad og manøvrering har resultert i ein vassførekomst som har godt økologisk potensial, og om vatnet toler auka belastning, både med omsyn til miljømålet og krava i vassforskrifta til ny aktivitet.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Ved konsesjonssøknadsprosessen på 1960-talet når Holmavatn vart regulert, vart det gjennomført arkeologiske registreringar i perioden 1962-1964. Det vart registrert fleire automatisk freda kulturminne i reguleringssona. Eit utval av steinalder buplassane og hustuftene vart grave ut i den samene perioden. Nokre av dei automatisk freda kulturminna vart ståande utan vidare undersøkingar, mellom anna bogastellar og nokon av tuftene. Det er større fare for at desse kjem til å bli negativt påverka av den aukande fluktuasjonen i vasstanden, ettersom dei nye tiltaka kjem til å medføre større rørsle av vassmassen innanfor reguleringssona.

Det blir søkt om å senka lågaste regulerte vasstand i Holmavatn med 5 meter, ned til 1043 meter over havet. Telemark fylkeskommune vurderer det som mindre sannsynleg at vidare ikkje kjende automatisk freda kulturminne ligg bevart i det området som reguleringssona no blir utvida til. Me kjem dermed ikkje til å varsle arkeologiske undersøkingar for utvidinga.

Sidan delar av reguleringsplanen kjem inn under Norsk Maritimt Museum sitt ansvarsområde, er saka sendt dei for vurdering. I ein post datert 26.08 2024 uttaler museet: *Vi har vurdert denne konsesjonssøknaden i forhold til moglegheita vår til å behandle henne innan fristen og dessutan potensialet for kulturminne under vatn i den, totalt sett, vesle biten som omfattar forvaltningsdistriktet vårt. Vi kjem til at det ikkje vil bli stilt krav om registreringar frå vår side, og vi overlèt vurdering av behov for eventuelle kulturminnelova § 9 registreringar i øvre del av områda omfatta av høyringa til Bergens Sjøfartsmuseum og Stavanger maritime museum.*

Næring

Tilgangen på kraft er avgjerande for eksisterande næringar og for utvikling av ny næring. Å leggje til rette for fornybar energi i form av vasskraft vil støtta opp under det grønne skiftet. Å sikre tilgang til energi inneber lange prosessar og behov for gode avvegingar. Tiltaka det blir søkt om blir rekna for å kunne realiserast «relativt raskt» i denne samanhengen. For næringslivet vil det bli viktig å sikre at det blir prioritert energi til vidareutvikling og nyetablering av næring.

Fylkesdirektøren vurderer at oppgraderingar og bruk av pumpekraft kan vere positivt for samfunnet og kan bidra til å auke fleksibiliteten i kraftsystemet. Det blir vurdert som viktig at oppgraderingane ikkje medfører vesentlege ulemper for natur og miljø. Vesentlege ulemper må derimot vurderast opp mot samfunnsnytta, ein bør derfor også vurdere samfunnsnytta i andre inngrep som kan medføre vesentlege ulemper for natur og miljø.

Oppsummering

Fylkesdirektøren er positiv til oppgradering og utviding av eksisterande vasskraft og bruk av pumpekraft for å auke fleksibiliteten i kraftsystemet, når oppgraderingar ikkje medfører vesentlege ulemper for miljøet. Vidare er det viktig at konsesjonssøknaden ikkje hindrar implementering og revidering av tiltak og villkår gjennom revisjonsprosessen.

Fylkesdirektøren er merksam på at deler av prosjektet kan få store negative konsekvensar, spesielt for villreinen som er en art vi har nasjonalt ansvar for å beskytte. Auka regulering av Holmavatn og bygging av Kvandal 2 vil kunne føre til ein degradering av vassførekosten. NVE må vurdere om dei foreslegne tiltaka er foreinleg med miljømålet om godt økologisk potensial, og om dei er i tråd med krava til ny aktivitet i vassforskrifta. Fylkesdirektøren meiner det er grunn til å vere bekymra for bruken og trekket til villreinen over Holmavatnet og Votna, og tilhøyrande influensområde, dersom det skulle bli bygd slik det blir søkt om. Konsekvensane av tiltaka må sjåast i samheng, og konsekvensane må vurderast ut frå den samla verknaden av utbygginga søknaden omhandlar. Fylkesdirektøren meiner det er heilt nødvendig at det blir oppretta dialog med fag-, forvaltnings-, og styresorgan knytt til villrein, og at krava til meir informasjon, vurderingar av ulike alternativ og nye verknadvurderingar blir komne i møte.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Kart

Vedlegg 2 - Krav om tilleggsutgreiingar, tilleggsinformasjon og alternativsvurderingar